

Raudspette



Foto: Ingunn E. Bakkevig

Status og råd

ICES vurderer bestanden til å vere i god forfatning og berekraftig hausta. Bestanden er godt innafør føre-var-grensene og har auka dei siste åra til eit rekordhøgt nivå i 2013. Fiskedøyingraten har vore langt under føre-var-nivået og rekrutteringa dei siste åra om lag som langtidsmiddelet. Tufta på EU sin forvaltingsplan tilrår ICES ei kvote (konsumlandingar) på 111 631 tonn i Nordsjøen og 8972 tonn i Skagerrak.


I 2013 disponerte EU 93 % og Noreg 7 % av totalkvoten i Nordsjøen, og i Skagerrak disponerte EU 98 % og Noreg 2 %. Forhandlingane om fordelinga av kvoter er ikkje ferdige for 2014. Det er starta ein prosess for å utvikle ein felles forvaltingsplan for bestanden, og ein er einig om hovudprinsippa. Førebels vert raudspetta i Skagerrak og Kattegat forvalta saman, men det er grunn til å tru at den i Skagerrak er tettare knytt til raudspetta i Nordsjøen, og det er foreslått at desse to vert slått saman i framtida. Raudspette i Skagerrak og Kattegat vert no handtert etter ICES sine retningslinjer for datafattige bestandar.

I 2012 var totalkvoten 84 410 tonn og landa fangst var cirka 74 000 tonn i Nordsjøen. I Skagerrak var landingane 7 627 tonn av ei kvote på 7 900 tonn. Utkast vert estimert til å vere om lag 12 % i Skagerrak og cirka 59 000 tonn i Nordsjøen.

Fiskeri

Raudspette vert mest fiska med bomtrål i sentrale delar av Nordsjøen og i eit blandingsfiskeri med botntrål der målarten er tunge i dei sørlege delane av Nordsjøen. Omfattande utkast av undermåls raudspette går føre seg i blandingsfisket. Dei siste åra har ungfisken i større grad vore å finna på fiskefelta lengre frå kysten, og dette har gjort raudspetta meir sårbar for flåten som fiskar etter tunge.

I Skagerrak vert raudspetta fiska i eit direkte fiskeri med garn og snurrevad, men også i eit blandingsfiskeri saman med torsk og kreps. Utkastet er likevel avgrensa sidan reiskapen har stor maskevidd og fiskar selektivt.



Utvikling av rapportert fangst av raudspette i Nordsjøen.

Norsk fangst er så liten at den ikkje synest i figuren.

Reported catch of European plaice in the North Sea.

Norwegian catches are too small to show in the figure.

I NORDSJØEN/SKAGERRAK

Raudspette – *Pleuronectes platessa* – Plaiçe

Familie: Pleuronectidae (flyndrefamilien)

Andre namn: Flyndre

Maks storleik: 70 cm og 3,5 kg

Levetid: Meir enn 20 år

Leveområde: Nordsjøen og Skagerrak

Gyteområde: Sentrale og sørlege Nordsjøen

Gytetidspunkt: Januar–februar

Føde: Botndyr

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2014: 111 631 tonn (Nordsjøen)

8972 (Skagerrak) (konsum)

TOTALKVOTE/NORSK KVOTE 2014:

Forhandlingane er ikkje gjennomførte enno


TOTALFANGST/NORSK FANGST 2012:

73 830/1022 tonn (Nordsjøen)

7627/122 tonn (Skagerrak)

NORSK FANGSTVERDI 2012: 9,5 millioner kroner

(Nordsjøen), 1,4 millioner kroner (Skagerrak)



Fakta om bestanden:

Raudspette finst i det austlege Atlanterhavet frå Barentshavet i nord og sørover til Middelhavet og kysten av Afrika. Arten er delt i ei rekkje bestandar, og bestanden i Nordsjøen er den klart største. Raudspetta finst ned til om lag 200 meter, og kan bli opptil 1 meter og 7 kilo, men er sjeldan så stor.

Gytefelta for nordsjødelen av bestanden er i dei sentrale og sørlege delane av Nordsjøen. Det går føre seg ei vandrings mellom desse gyteområda og leveområda lenger nord i Nordsjøen, og noko av denne vandrings skjer pelagisk. Gyting ved Skagen og mot sørvestlege Skagerrak er førebels dårleg dokumentert. Larvedrifta er varierende med vør og vind, og frå første leveåret finst larvane på grunne (0-3 m) sanddyner, medan raudspetta seinare i livet vandrar djupare og migrerer lite. Ein stor del av den umodne raudspetta i Skagerrak stammar frå gytefelta i Nordsjøen. Skagerrakbestanden viser større vandrings enn den delen som lever i Nordsjøen, og også ein del av den vaksne bestanden vandrar austover mot nordre Kattegat.

Vaksne fisk et børstemakk, skjell, maneter, krepsdyr, pigghudingar og små fisk.